



Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep

0030 Oslo

DYKKAR REF.:
200902523-/KTA/HJS

VÅR REF. (TA MED VED SVAR):
2009/8144 733.0

DATO:
21.10.2009

Høyrings svar - endring i kommunehelsetenestelova - eit verdig tenestetilbod

Helsetilsynet i Hordaland viser til høyringsnotat datert 29. juni 2009.

Ivaretaking av verdigheit og vern om integriteten til kvar enkelt pasient er grunnleggjande føresetnader for ei forsvarleg tenesteyting uavhengig av alder, sjukdom og funksjonsnivå.

Helsetilsynet i Hordaland er samd i at det er behov for å vidareutvikle og styrkje helsetenestene til eldre. Vi er likevel sterkt i tvil om framlegget til endring av kommunehelsetenestelova og forskrift om ei verdig eldreomsorg vil bidra til dette. Dei krava som framlegget stiller til tenestene, følgjer alt av gjeldande helselovgjeving. Framlegget utdjupar ikkje plikter for kommunane eller rettar for pasientane.

Framlegget bryt med eit grunnleggjande prinsipp om likeverdige tenester. Plikta til å ivareta pasientane si verdigheit er ikkje og bør ikkje bør ikkje verte avgrensa til alderdomen. Det gjeld alle.

Kunnskap om aldring og aldringsprosessar, kultur og haldingar og måten personellet møter eldre er avgjerande for ivaretaking av verdigheit og respekt for den einskilde.

Vi viser elles til uttalen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Han seier at framlegget til lovendring og forskrift kan skape urealistiske forventningar. Vi er samde i denne vurderinga.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seniorrådgjevar